

Forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån

Fastsett av Kunnskapsdepartementet xx. desember 2022 med heimel i lov 3. juni 2005 nr. 37 om utdanningsstøtte (utdanningsstøttelova) §§ 8, 9, 10, 14 og 15.

Del 1 Renter og tilbakebetaling

Kapittel 1. Innleiande føresegner

§ 1 Verkeområde

Forskrifta gjeld tilbakebetaling av utdanningslån som er gitt etter utdanningsstøttelova og forskrift om tildeling av utdanningsstøtte.

Forskrifta gir reglar om

- renter og tilbakebetaling
- betalingsutsetjing og sletting av renter
- sletting av gjeld
- misleghalden gjeld som er permanent overført til Statens innkrevjingsentral
- tap av rettar

§ 2 Personleg gjeld og sletting av gjeld når låntakaren dør

Utdanningsgjelda er personleg gjeld og kan ikkje bli overdratt til andre.

Døyr låntakaren, blir gjelda sletta.

§ 3 Opplysningsplikta til låntakaren

Låntakaren pliktar å gi rette og fullstendige opplysningar og skal melde frå dersom noko av det som er nemnt i søknaden, endrar seg.

Låntakaren skal så snart som råd etter flytting melde adresseendring til Lånekassen eller til *Folkeregisteret i Norge*. Låntakarar som er busette i utlandet, skal melde adresseendring direkte til Lånekassen.

Kapittel 2. Renter

§ 4 Kva tid det blir lagt renter til utdanningslånet

Utdanningslånet er rentefritt under utdanninga. Det blir lagt til renter frå første dag etter at låntakaren ikkje lenger får lån eller stipend etter forskrifta om utdanningsstøtte.

Når låntakaren får lån eller stipend til deltidsutdanning, blir det lagt renter til gjeld frå tidlegare utdanning.

Stipendbeløp som blir omgjort til lån etter behovsprøving etter forskrifta om utdanningsstøtte, får tillagt renter frå datoen for omgjeringa. Renter blir likevel ikkje lagde til før lånet blir sett renteberande etter første ledd.

§ 5 Flytande og fast rente

Lån i Lånekassen har flytande rente så sant låntakaren ikkje inngår avtale om å binde renta.

Annankvar måned tilbyr Lånekassen fast rente for periodar på 3, 5 eller 10 år.

§ 6 Renter ved forseinka betaling

Det blir rekna renter etter forseinkingsrentelova av det forfalne beløpet frå dagen etter betalingsfristen, og av heile lånet frå den datoen lånet er oppsagt på grunn av misleghald.

§ 7 Utrekning av rente

Utgangspunktet for rentesatsane i Lånekassen er ei basisrente som er fastsett av Finanstilsynet i samsvar med forskrift til utfylling og gjennomføring mv. av skattelova av 26. mars 1999 nr. 14 § 5-12-5. Basisrenta blir fastsett med utgangspunkt i uttrekk av prisar på bustadlån frå Finansportalen gjennom ein observasjonsperiode. Basisrenta er lik gjennomsnittet av dei 5 lågaste prisane på bustadlån på kvart observasjonstidspunkt i observasjonsperioden. Observasjonsperiodane startar ved årsskiftet.

Flytande basisrente blir fastsett på grunnlag av 2 månaders observasjon av tilbod om bustadlån med flytande rente. Ny flytande rente tek til å gjelde 2 månader etter avslutta observasjonsperiode.

Fast basisrente blir fastsett på grunnlag av 1 månads observasjon av tilbod om bustadlån med den same rentebindingstida som i avtalen om fast rente på utdanningslånet. Ny fast rente tek til å gjelde 1 måned etter avslutta observasjonsperiode.

Lånekassen fastset dei nominelle rentene på lånet til låntakaren. Desse blir rekna ut frå basisrenta minus 0,15 prosentpoeng. Formelen for å rekne ut den nominelle renta er slik:

$$r_n = \left[(1 + r_e)^{\frac{1}{n}} - 1 \right] n$$

Teiknforklaring:

r_n	årleg nominell rente i prosent
r_e	basisrenta minus 0,15 prosentpoeng (årleg effektiv rente i prosent før gebyr)
n	tolv, som er talet på betalingsterminar per år

Når effektiv rente skal reknast ut, kjem i tillegg gebyr ved varsling og for sein betaling, og gebyr og kostnader ved innkrevjing, sjå kapittel 4.

Dei nominelle og effektive rentene blir oppgitte med 3 desimalar.

Rentebelastning skjer på etterskott med ei nominell perioderente som svarer til den årlege nominelle renta dividert på 365 eller 366 dagar.

Etter kvart forfall blir det rekna renter av renter som ikkje er betalte. Det blir også rekna renter av renter som er lagde til gjelda i perioden frå lånet blir gjort renteberande og fram til første terminforfall, og i periodar med betalingsutsetjing.

For låntakarar som har lån frå før 1. juli 1985, blir det ikkje rekna renter av rentegjeld som er opparbeidd før 1. januar 1990.

Det blir ikkje rekna renter av renter som er lagde til på grunn av forseinka betaling, sjå § 6.

§ 8 Avtale om fast rente

Låntakaren kan søkje om fast rente på lånet for ein periode på 3, 5 eller 10 år. Det er ikkje høve til å binde renta på berre ein del av lånet.

Tabellen viser dei periodane låntakaren kan søkje om fast rente, og kva dato renta gjeld frå:

Søknadsperiode	Renta gjeld frå
10.–17. februar	1. mars
10.–17. april	1. mai
10.–17. juni	1. juli
10.–17. august	1. september
10.–17. oktober	1. november
10.–17. desember	1. januar

§ 9 Unntak frå retten til å inngå avtale om fast rente

Desse låntakarane kan ikkje inngå avtale om fast rente:

- a. låntakarar under 18 år
- b. låntakarar som har kortare nedbetalingstid enn avtaleperioden
- c. låntakarar som får lån eller stipend til fulltidsutdanning
- d. låntakarar i deltidsutdanning som får lån eller stipend frå Lånekassen og har eit renteberande lån frå tidlegare utdanning
- e. låntakarar med oppsagt lån
- f. låntakarar i gjeldsordning

Låntakarar som har sagt opp avtalen om fast rente før bindingstida er gått ut, kan ikkje inngå ny avtale om fast rente før 2 månader etter oppseiinga.

§ 10 Berekning av rentetap eller rentegevinst

Det blir rekna rentetap eller rentegevinst ved

- a. ekstra innbetalingar, sjå § 11
- b. oppseiing av fastrenteavtalen, sjå § 12
- c. oppheving av fastrenteavtalen, sjå § 13

Rentetap eller rentegevinst blir rekna etter reglane i *forskrift 19. september 2022 nr. 1612 om finansavtaler (finansavtaleforskriften) § 2-1 andre ledd*. På betalingstidspunktet reknar Lånekassen ut ei rente for resten av avtaletida. Denne renta er det vekta gjennomsnittet av renta på dei 2 tilboda om fastrentelån i Lånekassen som reknar i bindingstid ligg nærmast lånet til låntakaren, det eine med kortare og det andre med lengre bindingstid enn den resterande avtaletida. Dersom den ekstra innbetalinga blir gjord på ei tid då det finst tilbod om fast rente, skal renta på desse tilboda brukast. Dersom det ikkje finst noko tilbod om fast rente når den ekstra innbetalinga skjer, skal Lånekassen sine siste tilbod om fastrente brukast. Er det mindre enn 3 år att av nedbetalingstida, bruker Lånekassen den flytande renta på innbetalingstidspunktet og Lånekassen sitt siste tilbod om 3 års fastrente til å rekne ut ei gjennomsnittleg rente.

Dersom den vekta renta er lågare enn den renta låntakaren har avtalt, blir rentetapet lagt til gjelda til låntakaren.

Dersom den vekta renta er høgare enn den renta låntakaren har avtalt, blir rentegevinsten trekt frå gjelda til låntakaren.

§ 11 Ekstra innbetaling på lån med fast rente

Ved ekstra innbetaling på lån med fast rente blir det rekna rentetap eller rentegevinst etter § 10 på den delen av innbetalinga som overstig terminbeløp, gebyr, kostnader og renter som er rekna etter forseinkingsrentelova.

§ 12 Oppseiing av avtale om fast rente

Låntakaren kan seie opp avtalen om fast rente. Tabellen viser tidspunktet for overgang til flytande rente, ut frå når oppseiinga kom inn til Lånekassen:

Søknadstidspunkt	Renta gjeld frå
Før 17. februar	1. mars
Før 17. april	1. mai
Før 17. juni	1. juli
Før 17. august	1. september
Før 17. oktober	1. november
Før 17. desember	1. januar

Dersom låntakaren seier opp avtalen om fast rente i avtaleperioden, blir det rekna rentetap eller rentegevinst etter § 10.

Dersom låntakaren seier opp fastrenteavtalen i bindingstida, kan ikkje renta bindast på nytt før det har gått 2 månader. I mellomtida er renta flytande.

§ 13 Oppheving av fastrenteavtale når det blir gitt lån eller stipend frå Lånekassen

Avtalen om fast rente blir oppheva dersom låntakaren begynner i fulltids- eller deltidsutdanning i avtaleperioden og får lån eller stipend frå Lånekassen. Renta blir flytande den første dagen i månaden etter at avtalen er oppheva. Det blir rekna rentetap eller rentegevinst i samsvar med reglane i § 10.

§ 14 Oppheving av fastrenteavtale ved permanent overføring til Statens innkrevingsentral

Avtalen om fast rente blir oppheva dersom gjelda blir overført permanent til Statens innkrevingsentral, sjå kapittel 14.

Det blir ikkje rekna rentetap eller rentegevinst.

Kapittel 3. Nedbetaling og terminbeløp

§ 15 Nedbetalingstid og terminbeløp

Den lengste nedbetalingstida er 20 år frå lånet blir gjort renteberande siste gong. Når ein låntakar får utsett betalinga for ein periode, blir nedbetalingstida til vanleg gjord tilsvarande lengre. Den lengste nedbetalingstida er 30 år.

Utdanningslånet skal betalast etter annuitetsprinsippet. Terminbeløpa blir fastsette på grunnlag av 20 års nedbetalingstid for lån over x kr. I særlege tilfelle kan Lånekassen fastsetje terminbeløpa på ein annan måte.

Lånet skal vere nedbetalt innan låntakaren fyller 70 år. For låntakarar over 50 år blir terminbeløpa auka slik at nedbetalingstida blir maksimalt 20 år.

Terminbeløpet blir justert når rentesatsen blir endra.

§ 16 *Betalingsplan*

Lånekassen sender ut ein betalingsplan når lånet er gjort renteberande etter § 4.

Ein låntakar som har fått betalingsplan og deretter har fått lån eller stipend til ny utdanning, får ny betalingsplan for den samla gjelda.

§ 17 *Ekstra innbetaling*

Låntakarar som har flytande rente, kan innfri gjelda eller betale ned raskare og med større beløp enn det som er fastsett i betalingsplanen, utan ekstra kostnader.

For låntakarar som har fast rente etter § 8, vil ekstra innbetaling i avtaleperioden føre til at det blir rekna rentetap eller rentegevinst etter § 10 og § 11.

Ekstra innbetalingar kan berre refunderast i særlege tilfelle.

Kapittel 4. Rekning og gebyr

§ 18 *Betaling av rekning*

Utdanningsgjelda skal nedbetalast månadleg.

Låntakaren får den første rekninga om lag 7 månader etter at lånet er gjort renteberande, sjå § 4.

Ein låntakar som får lån eller stipend til deltidsutdanning og allereie har ein betalingsplan for lån, skal betale etter denne planen. Når låntakaren ikkje lenger får lån eller stipend, får låntakaren ny betalingsplan for heile gjelda. Låntakaren får ikkje nokon betalingspause som nemnd i andre leddet.

Terminbeløpet skal betalast sjølv om låntakaren ikkje har fått rekninga.

§ 19 *Gebyr ved rekning på papir og ved purring*

Det blir lagt til eit gebyr på 18 kr for låntakarar som får rekning på papir. Låntakarar som ikkje kan bruke elektronisk varsling på grunn av dokumentert synshemming, slepp dette gebyret.

Ved den første purringa blir det lagt til eit gebyr på 280 kr.

Ved den andre purringa blir eit gebyr på 490 kr lagt til det første gebyret. Den andre purringa er eit varsel om oppseiing av heile gjelda.

§ 20 *Prioriteringsrekkefølge ved innbetaling og kostnader ved betalinga*

Ei innbetaling dekkjer, i denne rekkefølga: eventuelle inkassokostnader, gebyr, renter og lån.

Låntakaren skal dekkje kostnadene ved betaling av gjelda, til dømes gebyr ved betaling frå utlandet.

Kapittel 5. Misleghald av betalingsplikta

§ 21 *Følgjer av å ikkje betale etter den andre purringa*

Dersom låntakaren ikkje betaler innan fristen i den andre purringa, gjer Lånekassen vedtak om oppseiing av lånet, slik at heile gjelda forfell til betaling. Statens innkrevjingsentral tek over innkrevjinga.

Det blir rekna renter etter forseinkingsrentelova av hovudstolen og kapitaliserte renter frå oppseiingsdatoen.

Oppseiinga blir oppheva dersom låntakaren betaler eller får betalingsutsetjing for dei forfalne ubetalte terminbeløpa. Når oppseiinga blir oppheva, trekkjer Lånekassen saka tilbake frå Statens innkrevjingsssentral, og låntakaren får igjen rekningar frå Lånekassen.

§ 22 Avtale om betaling av misleghalden gjeld

Dersom låntakaren ikkje betaler heile det ubetalte terminbeløpet, kan Statens innkrevjingsssentral og låntakaren inngå betalingsavtale for det forfalne beløpet.

§ 23 Tvangsinnkrevjing

Krav om tilbakebetaling av utdanningsgjeld er tvangsgrunnlag for utlegg. Ved vesentleg misleghald kan Statens innkrevjingsssentral som særnamsmann gjennomføre utleggsforretning for heile gjelda etter reglane i tvangsåtgjerdslova. Statens innkrevjingsssentral kan også sende kravet om utlegg til namsmannen på staden.

Dersom dei forfalne terminbeløpa blir betalte, kan innkrevjinga bli stansa.

§ 24 Låntakarar som bur i utlandet

Dersom låntakaren er busett i utlandet, kan Statens innkrevjingsssentral krevje inn gjelda der låntakaren bur. Statens innkrevjingsssentral kan bruke inkassobyrå, advokat eller rettsapparatet. Innkrevjinga kan bli stansa dersom dei forfalne terminbeløpa blir betalte, sjølv om saka er oversendt til inkassobyrå eller advokat.

§ 25 Gebyr og kostnader

Låntakaren kan bli belasta gebyr og kostnader knytte til tilbakebetaling og innkrevjing av gjelda.

§ 26 Permanent overføring til Statens innkrevjingsssentral

Gjelda til låntakaren kan bli permanent overført til Statens innkrevjingsssentral når ho har vore oppsagd i 3 år.

Ei permanent overføring av gjelda til Statens innkrevjingsssentral fører til tap av rettar etter denne forskrifta og etter *forskrifta om utdanningsstøtte*.

§ 27 Gjeld som ikkje blir permanent overført til Statens innkrevjingsssentral

Gjelda blir ikkje permanent overført til Statens innkrevjingsssentral dersom eit av desse vilkåra er til stades:

- a. Låntakaren har ei frivillig eller tvungen betalingsordning.
- b. Låntakaren har betalt inn eit beløp tilsvarande minst 6 terminbeløp dei siste 12 månadene.
- c. Låntakaren sannsynleggjer at den noverande situasjonen gir rett til betalingsutsetjing, sletting av renter eller sletting av gjeld.
- d. Det finst særlege grunnar til ikkje å overføre gjelda.

Krav om unntak skal vere grunnleggjande og sett fram innan den fristen som er oppgitt i varselet om permanent overføring av gjelda til Statens innkrevjingsssentral. Krav om unntak som kjem etter at gjelda er permanent overført, blir ikkje behandla.

Kapittel 6. Gjeldsordning og gjeld som er uråd å drive inn

§ 28 Utanrettsleg gjeldsordning ved økonomiske vanskar

Låntakarar med økonomiske vanskar kan søkje om utanrettsleg gjeldsordning. Søknaden skal rettast til Statens innkrevjingssentral. Søknaden skal innehalde dokumenterte opplysningar om inntekta, formuen, gjelda og levekostnadene til låntakaren, og det skal stå kor mange barn låntakaren har. Søknaden skal innehalde tilsvarende opplysningar om ektefellen eller sambuaren i tillegg til anna som kan ha noko å seie for saka.

§ 29 Gjeldsordning etter gjeldsordningslova

Låntakarar med økonomiske vanskar kan søkje om gjeldsordning etter gjeldsordningslova. Søknaden skal rettast til Statens innkrevjingssentral.

§ 30 Lån eller stipend i periodar med gjeldsforhandling og gjeldsordning

I gjeldsforhandlingsperioden og i gjeldsordningsperioden kan låntakaren som hovudregel ikkje få nytt lån eller stipend, med mindre dette er avtalt i ordninga. Misleghald kan føre til avslag på søknad om nytt lån eller stipend.

§ 31 Sletting av gjeld som er uråd å drive inn

Lån, renter og kostnader kan bli sletta når det er uråd å drive inn gjelda. Søknaden skal rettast til Statens innkrevjingssentral. Søknaden skal innehalde dokumenterte opplysningar om inntekta, formuen, gjelda og levekostnadene til låntakaren, og det skal stå kor mange barn låntakaren har. Søknaden skal innehalde tilsvarende opplysningar om ektefellen eller sambuaren i tillegg til anna som kan ha noko å seie for saka.

I vurderinga av søknaden skal det leggjast vekt på om betalingsevna er varig sterkt nedsett, og kor lenge misleghaldet har vart. Det skal også leggjast vekt på kva tiltak som har vore gjennomførte i saka, og kva tiltak som vil vere mest tenlege for innkrevjinga i framtida. Låntakaren kan ikkje få sletta gjeld dersom det vil verke støytande for andre låntakarar og samfunnet elles.

§ 32 Innskrenka klagerett

Låntakaren har ikkje klagerett etter reglane i forvaltingslova på avgjerder i saker om betalingsordning utanfor gjeldsordningslova eller i saker om sletting av gjeld som Lånekassen ser det som uråd å drive inn.

Del 2 Betalingsutsetjing og sletting av renter

Kapittel 7. Betalingsutsetjing

§ 33 Utsetjing med betalinga av terminbeløpet

Utsetjing med betalinga av eit terminbeløp fører til at nedbetalingstida blir 1 måned lengre. Låntakaren kan få utsett betalinga av terminbeløpa opp til 36 gonger for kvart låneforhold, slik at nedbetalingstida blir opp til 3 år lengre. Eit låneforhold varer til lånet er innfridd.

Betalingsutsetjing kan likevel ikkje gå ut over rammene for nedbetalingstid i kapittel 3.

§ 34 Utsetjing med betalinga av terminbeløpa ved sletting av renter

Ein låntakar som oppfyller krava til sletting av renter, har rett til utsetjing med betalinga av terminbeløpa i den same perioden.

Dersom det er sannsynleg at låntakaren vil få innvilga ein søknad om sletting av renter for ein periode, kan det bli gitt betalingsutsetjing for denne perioden. Dette gjeld sjølv om formues- og inntektsskatten for perioden ikkje er fastsett.

Betalingsutsetjing kan likevel ikkje gå ut over rammene for nedbetalingstid i kapittel 3.

Kapittel 8. Sletting av renter

§ 35 *Vilkår for sletting av renter*

Renter blir sletta for ei viss tid dersom låntakaren i den same perioden har inntekt under grensene i § 36 og § 37 og har oppfylt vilkår i § 38 eller § 39.

Fulltidsutdanning kan også gi rett til sletting av renter. Sjå § 40.

Renter blir sletta på etterskott og for heile månader. Med månad er meint ein periode på 30 dagar.

§ 36 *Krav til eiga inntekt*

Ein låntakar som har hatt ei person- og kapitalinntekt per år som er under ei grense i tabellen nedanfor, kan få sletta rentene for så mange månader som er knytte til inntektsgrensa i tabellen, dersom minst eitt av vilkåra i § 38 eller § 39 var oppfylt desse månadene.

Tal på månader med rett til sletting av renter	Person- og kapitalinntekt per år			
	2020	2021	2022	2023
1	x kr	x kr	x kr	x kr
2	x kr	x kr	x kr	x kr
3	x kr	x kr	x kr	x kr
4	x kr	x kr	x kr	x kr
5	x kr	x kr	x kr	x kr
6	x kr	x kr	x kr	x kr
7	x kr	x kr	x kr	x kr
8	x kr	x kr	x kr	x kr
9	x kr	x kr	x kr	x kr
10	x kr	x kr	x kr	x kr
11	x kr	x kr	x kr	x kr
12	x kr	x kr	x kr	x kr

Inntektsgrensene i tabellen blir heva med eit fast beløp for kvart barn som låntakaren har forsørgd, til og med det året barnet fyller 16 år. For 2023 blir inntektsgrensa heva med x kr for kvart barn. For 2022 blir inntektsgrensa heva med x kr for kvart barn. For 2021 blir inntektsgrensa heva med x kr for kvart barn. For 2020 blir inntektsgrensa heva med x kr for kvart barn. Avkasting av formuen til barn av låntakaren dersom formuen blir forvalta av statsforvaltaren, blir ikkje rekna med.

§ 37 *Krav til samla inntekt for låntakar og ektefelle, partner eller sambuar*

Låntakarar som har fått eller adoptert barn, har hatt omsorgsarbeid, har sona i fengsel eller sikringsanstalt eller har vært i fulltidsarbeid med låg inntekt, kan ha rett til sletting av renter dersom

dei i tillegg har hatt låg samla hushaldsinntekt. Den samla person- og kapitalinntekta per år for låntakaren og ektefellen, partnaren eller sambuaren med felles barn skal ha vore under grensene i tabellen nedanfor.

Talet på barn	Samla person- og kapitalinntekt per år			
	2020	2021	2022	2023
0	x kr	x kr	x kr	x kr
1	x kr	x kr	x kr	x kr
2	x kr	x kr	x kr	x kr
3	x kr	x kr	x kr	x kr
4 eller fleire	x kr	x kr	x kr	x kr

Inntektsgrensene i tabellen blir heva med eit fast beløp per år for kvart barn som låntakaren har forsørgd, til og med det året barnet fyller 16 år. For 2023 blir inntektsgrensa heva med x kr for kvart barn. For 2022 blir inntektsgrensa heva med x kr for kvart barn. For 2021 blir inntektsgrensa heva med x kr for kvart barn. For 2020 blir inntektsgrensa heva med x kr for kvart barn.

§ 38 Andre sosiale og økonomiske vilkår

Ein låntakar som har hatt ei person- og kapitalinntekt per år under grensene i § 36 medan låntakaren oppfylte eit av krava i bokstavane a–g, har rett til å få sletta renter for heile eller delar av den aktuelle perioden. For rett til å få sletta renter etter bokstav c, d, f eller g, skal samla hushaldsinntekt i tillegg ha vore under grensene i § 37.

a. *Sjukdom eller arbeidsløyse*

Låntakaren var sjuk, registrert arbeidslaus eller mottakar av arbeidsavklaringspengar. Det er ein føresetnad at forholdet varte i minst 3 månader samanhengande.

b. *Førstegongsteneste og utdanning i Forsvaret*

Låntakaren avtente førstegongsteneste i Noreg eller eit anna EØS-land, eller var elev ved ein militær skole. Det er ein føresetnad at forholdet varte i minst 3 månader samanhengande.

c. *Fødsel eller adopsjon*

Låntakaren fekk barn og hadde omsorga for barnet etter fødselen. Låntakaren får sletta renter i opp til 12 månader frå fødselen. Låntakarar som adopterte barn under 10 år, får sletta renter etter dei same reglane i opp til 12 månader frå adopsjonsdatoen.

d. *Omsorgsarbeid*

Låntakaren hadde over 3 månader i strekk omsorg for nokon i den nærmaste familien. Dette gjeld uføre, menneske med nedsett funksjonsevne og eldre med stort pleiebehov.

e. *Økonomisk stønad etter sosialtenestelova*

Låntakaren hadde i over 3 månader i strekk ikkje anna inntekt enn økonomisk stønad etter sosialtenestelova § 18. I slike tilfelle kan renter bli sletta for opp til 36 månader til saman.

f. *Fulltidsarbeid med låg brutto inntekt*

Låntakaren hadde i minst 12 månader i strekk fulltidsarbeid og samtidig låg gjennomsnittleg brutto månadsinntekt. Inntektsgrensa for 2023 er x kr, for 2022 x kr, for 2021 x kr og for 2020 x kr. Låntakaren kan få sletta renter for opp til 36 månader til saman. Frivillig ulønt arbeid gir ikkje rett til sletting av renter.

g. *Soning*

Låntakaren sona i fengsel eller sikringsanstalt i minst 12 månader i strekk og hadde samtidig låg gjennomsnittleg brutto månadsinntekt. Inntektsgrensa for 2023 er x kr, for 2022 x kr, for 2021 x kr og for 2020 x kr.

§ 39 *Vilkår som gjeld deltidsutdanning, tillitsverv, permisjon frå studiet eller deltaking i Erasmus+*

Låntakarar som har hatt ei person- og kapitalinntekt per år som er under grensene i § 36, har rett til å få sletta renter for heile eller delar av den aktuelle perioden dersom låntakaren i perioden

- a. har bestått deltidsutdanning og dokumenterer å ha hatt rett til lån eller stipend etter *forskrift om utdanningsstøtte*
- b. samtidig hadde tillitsverv på fulltid i ein landsomfattande elev- eller studentorganisasjon eller i tilknytning til ein utdanningsinstitusjon eller ein studentsamskipnad. Låntakaren kan i så fall få sletta renter for opp til 12 månader til saman. Det er ein føresetnad at forholdet varte i minst 3 månader samanhengande.
- c. har hatt permisjon frå studiet for å forske og får studentstipend frå Forskingsrådet
- d. samtidig deltok i programmet Erasmus+ i minst 3 månader i strekk

§ 40 *Fulltidsutdanning*

Ein låntakar som har bestått fulltidsutdanning og dokumenterer å ha hatt rett til lån eller stipend etter *forskrift om utdanningsstøtte*, har rett til å få sletta renter for så lang tid som det kunne ha blitt gitt lån eller stipend. Sletting av renter på dette grunnlaget blir ikkje behovsprøvd mot inntekt.

§ 41 *Krav til dokumentasjon*

Den som søker om sletting av renter, skal dokumentere både inntekta i den aktuelle perioden og at dei andre sosiale og økonomiske vilkåra var oppfylte. Lånekassen hentar inn opplysningar om person- og kapitalinntekt i Noreg direkte frå skatteetaten. Låntakaren skal sjølv sende inn dokumentasjon av brutto inntekt per måned, sjå § 38 bokstavane f og g.

Dersom låntakaren dokumenterer at ei trygde- eller pensjonsytning er opptent i ein tidlegare periode enn det året ho blei utbetalt og skattlagd, og krev ei vurdering av søknaden om sletting av renter på dette grunnlaget, skal trygde- eller pensjonsytninga fordelast på dei åra ytinga blei opptent. Den nye årsinntekta skal leggjast til grunn både for å avgjere ein ny søknad om sletting av renter og for ei ny prøving av eventuelle tidlegare vedtak om sletting av renter.

§ 42 *Søknadsfrist*

I 2023 er det mogleg å søkje om sletting av renter for perioden frå og med 1. januar 2020. Krav om sletting av renter som gjeld forhold før 1. januar 2020, vil ikkje bli behandla. Det kan gjerast unntak frå søknadsfristen i særlege tilfelle.

Låntakarar som tek utdanning, må søkje om sletting av renter seinast 3 år etter at utdanninga etter normert tid skulle ha vore ferdig.

Del 3 Sletting av gjeld

Kapittel 9. Sletting av gjeld for låntakarar i tiltakssona og utvalde kommunar i andre fylke

§ 43 Vilkår for å få sletta gjeld i tiltakssona

Låntakarar kan få sletta delar av utdanningsgjelda dersom dei har vore busette og yrkesaktive i tiltakssona i ein oppteningsperiode på 12 månader. Som yrkesaktive reknast òg dei som i heile eller deler av arbeidstida arbeider frå heimekontor i tiltakssona, og der arbeidsgivars verksemd ligg

utanfor tiltakssona. I særlege tilfelle kan ordninga òg omfatte låntakarar som i ei kort tid har hatt arbeid ein annan stad.

Med tiltakssona meinast Finnmark og kommunane Lyngen, Storfjord, Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa, Kvæningen eller Karlsøy i Nord-Troms.

§ 44 *Vilkår for å få sletta gjeld som yrkesaktiv lege i utvalde kommunar*

Låntakarar kan få sletta delar av utdanningsgjelda dersom dei har vore yrkesaktive legar i ein oppteningsperiode på 12 månader i dessa kommunane:

Troms og Finnmark: Gratangen og Ibestad

Nordland: Rødøy, Nesna, Bø, Øksnes, Evenes, Vega, Flakstad, Moskenes og Andøy

Trøndelag: Leka, Røyrvik, Høylandet og Lierne

Møre og Romsdal: Aure

Ordninga gjeld òg låntakarar som har vore yrkesaktive legar i dei tidlegare kommunane Torsken og Berg i Troms, Tysfjord i Nordland og Fosnes i Trøndelag.

§ 45 *Sletting av gjeld*

Gjeld kan slettast med 20 prosent per år rekna av lånesummen ved avslutta utdanning, men ikkje med meir enn 30 000 kr eller mindre enn 2 000 kr per år.

Berre renteberande lån inngår i summen. Dersom gjeld er sletta etter at lånet er gjort renteberande, blir summen redusert tilsvarande. Det same skjer dersom låntakaren har fått lån eller stipend som låntakaren ikkje hadde rett til. Summen blir ikkje endra dersom lån blir gjort om til stipend etter at lånet er gjort renteberande.

§ 46 *Vilkår for å bli rekna som yrkesaktiv*

Som yrkesaktiv i oppteningsperioden reknar ein den som gjennom oppteningsperioden

- a. hadde arbeid tilsvarande minst 50 prosent av fulltidsarbeid
- b. hadde fulltidsarbeid i minst 6 månader og var registrert som arbeidssøkjjar til fulltidsarbeid i resten av perioden
- c. hadde omsorg for barn født i 2013 eller seinare eller hadde særleg tyngjande omsorgsplikter i den nærmaste familien
- d. hadde studiepermisjon med lønn eller stipend tilsvarande minst 50 prosent av full stilling, dersom lønna blei betalt av ein arbeidsgivar i tiltakssona
- e. var tilsett i transportsektoren, på skip, på oljeleitingsfartøy eller på faste installasjonar på kontinentalsokkelen og samtidig blei rekna som busett etter § 48
- f. hadde arbeid som lege i ein av dei utvalde kommunane nemnde i § 44

Den tida ein låntakar er sjukmeld, blir rekna med i oppteningsperioden.

§ 47 *Låntakarar som ikkje blir rekna som yrkesaktive*

Låntakaren blir ikkje rekna som yrkesaktiv i den aktuelle perioden dersom låntakaren

- a. fekk eller kunne fått lån eller stipend frå Lånekassen til fulltidsutdanning, har vore i førstegangsteneste eller i utdanning ved ein militær skole
- b. hadde omsorg for barn født i 2013 eller seinare eller hadde særleg tyngjande omsorgsplikter i den nærmaste familien, og samtidig var meir enn 50 prosent yrkesaktiv utanfor tiltakssona

- c. fekk arbeidsavklaringspengar, med mindre låntakaren samtidig har oppfylt vilkår for yrkesaktivitet etter § 46

§ 48 Vilkår for å bli rekna som busett

Låntakaren blir rekna som busett i tiltakssona i oppteningsperioden berre dersom låntakaren gjennom oppteningsperioden hadde både faktisk og folkeregistrert bustad på staden.

Dersom det er dokumentert at låntakaren faktisk var busett og yrkesaktiv på staden, kan Lånekassen i særlege tilfelle slette gjeld sjølv om låntakaren ikkje hadde folkeregistrert adresse på staden i heile oppteningsperioden.

§ 49 Krav til oppteningsperioden

Oppteningsperioden er 12 samanhengande månader. Sletting av gjeld skjer etter at oppteningsperioden er ute.

Oppteningsperioden startar den dato låntakaren blir rekna som yrkesaktiv og som busett. For låntakarar som held fram med å arbeide etter den første oppteningsperioden og framleis blir rekna som busette, blir seinare oppteningsperiodar rekna frå dagen etter at den første oppteningsperioden er ute.

Dersom oppteningsperioden blir avbroten på grunn av førstegongsteneste eller utdanning, kan det gjerast unntak frå kravet om samanhengande oppteningsperiode. Ved avbrot på grunn av utdanning kan det gjerast unntak berre 1 gong og for opp til 1 år.

Dersom oppteningsperioden går over fleire kalenderår, skal forskrifta som gjaldt ved starten av perioden brukast, med mindre reglane blir endra til fordel for låntakaren.

§ 50 Sletting av gjeld for lærarar i grunnskolen

Kvalifiserte lærarar i grunnskolen som har vore yrkesaktive i grunnskolen i tiltakssona, kan få sletta inntil 20 000 kr ekstra av gjelda i året. Gjeld slettast utan omsyn til bustad.

Med kvalifiserte lærarar i grunnskolen er meint dei som oppfyller kompetansekrava for tilsetjing av undervisningspersonell i grunnskolen etter opplæringslova § 10-1 og tilhøyrande forskrift.

Låntakaren skal ha vore yrkesaktiv i undervisningsstilling i grunnskolen i 12 samanhengande månader. Oppteningsperioden startar tidlegast frå og med 1. august 2017.

Reglane i kapittelet her gjeld så langt dei passar.

§ 51 Innbetalingar

I den første oppteningsperioden skal låntakaren betale avdrag, renter og eventuelle gebyr. I seinare oppteningsperiodar skal låntakaren ikkje betale avdrag, men alle rentene og eventuelle gebyr som er lagde til, skal betalast.

Har låntakaren betalt avdrag på lånet etter den første oppteningsperioden, blir beløpet berre refundert dersom låntakaren ber om det. Krav om refusjon skal setjast fram innan 3 år etter at avdraget er betalt.

§ 52 Sletting av gjeld ved misleghalden betalingsplikt

Når det er sendt varsel om oppseiing av lånet, kan ein søknad om sletting av gjeld ikkje behandlast før det forfalne terminbeløpet er betalt, med mindre det kan gjevast betalingsutsetjing.

Forfalne terminbeløp som skulle ha vore betalte før den første oppteningsperioden er ute, blir ikkje sletta. Det blir gjort unntak dersom låntakaren har rett til betalingsutsetjing.

§ 53 *Søknadsfrist*

Søknad om sletting av gjeld skal sendast inn etter kvar ny oppteningsperiode, med ny dokumentasjon. Søknaden skal vere motteken i Lånekassen seinast 3 månader etter at oppteningsperioden er ute.

Kapittel 10. Sletting av gjeld for låntakarar som har fullført visse lærarutdanningar

§ 54 *Sletting av gjeld etter visse lærarutdanningar*

Låntakarar som har fullført visse lærarutdanningar, kan få sletta opp til 50 000 kr av gjelda. Det går fram av § 55, § 56, § 57 og § 58 kva utdanningar som er omfatta.

Gjeld blir ikkje sletta meir enn 1 gong for kvar lærarutdanning.

§ 55 *Realfag*

Ordninga omfattar låntakarar som har fullført ei av desse utdanningane:

- a. integrert masterprogram i lærarutdanning med spesialisering i realfag
- b. toårig fagdidaktisk masterprogram for lærarar som tek spesialisering i realfag
- c. praktisk-pedagogisk utdanning, etter fullført mastergrad eller hovudfag i biologi, fysikk, geofag, informasjonsteknologi, kjemi, matematikk eller teknologiske fag eller fullført sivilingeniørutdanning
- d. praktisk-pedagogisk utdanning, etter fullført ingeniørutdanning

§ 56 *Framandspråk*

Ordninga omfattar låntakarar som har fullført ei av desse utdanningane:

- a. integrert masterprogram i lærarutdanning med spesialisering i framandspråk
- b. toårig fagdidaktisk masterprogram for lærarar som tek spesialisering i framandspråk
- c. praktisk-pedagogisk utdanning, etter fullført mastergrad eller hovudfag i framandspråk

Nordisk og norsk blir ikkje rekna som framandspråk etter denne ordninga.

§ 57 *Kvensk eller samisk som ein del av utdanninga*

Ordninga omfattar låntakarar som har tatt minst 60 studiepoeng i kvensk eller eit samisk språk som ein del av ei av desse utdanningane:

- a. samisk grunnskolelærarutdanning
- b. samisk barnehagelærarutdanning
- c. grunnskolelærarutdanning
- d. lektorutdanning

§ 58 *Kvensk eller samisk i tillegg til anna utdanning*

Ordninga omfattar låntakarar som har tatt minst 60 studiepoeng i kvensk eller eit samisk språk i tillegg til ei av desse utdanningane:

- a. praktisk-pedagogisk utdanning
- b. barnehagelærerutdanning

§ 59 *Søknadsfrist*

Søknad om sletting av gjeld skal vere kommen inn til Lånekassen seinast 6 månader etter at låntakaren har teke siste eksamen i den utdanninga som gir grunnlag for sletting av gjeld.

Lånekassen kan gjere unntak frå fristen dersom det er særlege grunnar til at søknadsfristen ikkje kan bli halden.

Kapittel 11. Sletting av gjeld for låntakarar som har fullført grunnskolelærerutdanning eller lektorutdanning

§ 60 *Vilkår for å få sletta gjeld*

Låntakarar kan få sletta delar av utdanningsgjelda dersom dei har fullført grunnskolelærerutdanning for trinn 1–7 eller for trinn 5–10 eller lektorutdanning for trinn 8–13 på normert tid. Låntakaren skal òg ha vore yrkesaktiv i ei undervisningsstilling i grunnskolen eller i den vidaregåande opplæringa i ei oppteningsperiode etter avslutta utdanning. Ordninga omfattar låntakarar som startar grunnskolelærerutdanning eller lektorutdanning frå og med 2017–2018.

Utan omsyn til fullføring på normert tid omfattar ordninga òg låntakarar som har fullført grunnskolelærerutdanning for trinn 1–7 eller for trinn 5–10 eller lektorutdanning for trinn 8–13, og som i oppteningsperioden har arbeidd i grunnskolen eller i den vidaregåande opplæringa i Nordland eller Troms og Finnmark.

§ 61 *Sletting av gjeld*

Gjeld kan slettast med 106 000 kr for låntakarar som har fullført grunnskolelærerutdanning for trinn 1–7 på normert tid.

Gjeld kan slettast med 51 000 kr for låntakarar som har fullført grunnskolelærerutdanning for trinn 5–10 eller lektorutdanning for trinn 8–13 på normert tid.

Gjeld kan slettast med 55 000 kr for låntakarar som har fullført grunnskolelærerutdanning for trinn 1–7 eller for trinn 5–10 eller lektorutdanning, og som i oppteningsperioden har vore yrkesaktiv i ei undervisningsstilling i grunnskolen eller i den vidaregåande skolen i Nordland eller Troms og Finnmark.

Låntakarar som har rett til sletting av gjeld etter første eller andre ledd kan òg ha rett til sletting av gjeld etter tredje ledd dersom vilkåra for dette er til stades.

§ 62 *Unntak frå kravet om fullføring på normert tid*

Låntakaren kan få sletta gjeld etter § 61 første eller andre ledd sjølv om utdanninga ikkje blei gjennomført på normert tid, dersom årsaka til at låntakaren brukte lengre tid var

- a. at låntakaren har nedsett funksjonsevne, og var funksjonshemma i studiesituasjonen fordi læringsmiljøet eller studiesituasjonen ved lærestaden ikkje var tilpassa låntakarens nedsette funksjonsevne
- b. at låntakaren har fått barn i utdanningsperioden
- c. at låntakaren blei forseinka på grunn av sjukdom

- d. at låntakaren samtidig hadde tillitsverv på fulltid i minst 3 månader i strekk i ein landsomfattande studentorganisasjon, eller i tilknytning til ein utdanningsinstitusjon eller ein studentsamskipnad

§ 63 Krav til oppteningsperioden

Låntakaren skal ha vore yrkesaktiv i ei undervisningsstilling på minst 50 prosent i grunnskolen eller i den vidaregåande opplæringa i minst 3 av dei 6 første åra etter avslutta utdanning.

§ 64 Søknafrist

Søknad om sletting av gjeld skal vere kommen inn til Lånekassen seinast 6 månader etter at oppteningsperioden er ute

Kapittel 12. Sletting av gjeld for statsborgarar frå utviklingsland, landa på Vest-Balkan, land i Aust-Europa og Sentral-Asia (kvoteordninga)

§ 65 Vilkår for å få sletta gjeld

Låntakarar som har vore tekne opp ved ein høgskule eller eit universitet i Noreg etter vilkåra for kvoteordninga, kan få sletta lånet dei har fått under ordninga når dei reiser tilbake til heimlandet for å busetje seg varig der.

Låntakarar som ikkje er busette i heimlandet etter avslutta utdanning, kan likevel få sletta gjeld etter første ledd dersom humanitære grunnar som krig, alvorleg uro eller forfølgning hindrar busetjing i heimlandet. Låntakaren skal vere busett i eit anna land som har vore omfatta av kvoteordninga.

§ 66 Tilbakevending til Noreg

Dersom låntakaren vender tilbake til Noreg innan 10 år etter vedtak om sletting av gjeld etter kvoteordninga blei treft, blir vedtaket oppheva.

§ 67 Søknafrist

Låntakaren kan søke om sletting av gjelda når vilkåra i § 65 er oppfylte. Søknaden skal vere motteken i Lånekassen innan 31. desember 2025.

Kapittel 13. Sletting av gjeld for låntakarar som er uføre

§ 68 Rett til sletting av gjeld for låntakarar som får uføretrygd

Ein låntakar som har minst 50 prosent varig nedsett inntektsevne og får uføretrygd eller ei tilsvarande yting frå ei utanlandsk trygdeordning, kan ha rett til å få sletta gjelda heilt eller delvis dersom person- og kapitalinntekta i 2023 er x kr eller lågare. Kravet til varig nedsett inntektsevne er berre 40 prosent dersom låntakaren fekk arbeidsavklaringspengar heilt fram til vedtaket om uføretrygd.

Låntakaren har rett til å få sletta gjeld etter tabellen nedanfor.

Tabell for 2023 over inntektsgrenser, ny gjeld og nytt terminbeløp etter sletting av gjeld

Person- og kapitalinntekt per år	Ny gjeld	Nytt terminbeløp
0–x kr	0 kr	0 kr
x– x kr	x kr	x kr
x– x kr	x kr	x kr
x– x kr	x kr	x kr

x- x kr	x kr	x kr
---------	------	------

Inntektsgrensene i tabellen blir heva med x kr per år for kvart barn som låntakaren forsørgjer, til og med det året barnet fyller 16 år. Avkasting av formuen til barn av låntakaren dersom formuen blir forvalta av statsforvaltaren, blir ikkje rekna med.

Søknaden om sletting av gjeld blir behandla etter vilkåra som gjeld i det året Lånekassen får søknaden. Dette gjeld også dersom vedtaket om uføretrygd er frå før søknadsåret.

Lånekassen hentar inn opplysningar om person- og kapitalinntekt frå skatteetaten.

§ 69 *Oppheving av vedtak om sletting av gjeld når låntakaren får lån eller stipend*

Dersom låntakaren får lån eller stipend etter *forskrift om utdanningsstøtte*, blir vedtaket om sletting av gjeld oppheva. Renter som er sletta, blir ikkje lagde til igjen. Er vedtaket om sletting av gjeld gjort for meir enn 10 år sidan, blir det ikkje oppheva.

Del 4 Gjeld som er permanent overført til Statens innkrevjingsentral

Kapittel 14. Gjeld som er permanent overført til Statens innkrevjingsentral og gjeldsordningar

§ 70 *Betalingsvilkår*

Krav om tilbakebetaling av utdanningsgjeld som er permanent overført til Statens innkrevjingsentral, får lagt til renter etter forseinkingsrentelova.

Ei innbetaling dekkjer, i denne rekkefølga: inkassokostnader, gebyr, renter og lån.

§ 71 *Myndigheitsutøvinga til Statens innkrevjingsentral*

Statens innkrevjingsentral er kreditor for utdanningsgjeld som er permanent overført frå Lånekassen.

Krav om tilbakebetaling av utdanningsgjeld er tvangsgrunnlag for utlegg. Som særnamsmann kan Statens innkrevjingsentral halde utleggsforretning for heile gjelda etter reglane i tvangsåtgjerdslova. Statens innkrevjingsentral kan òg sende krav om utlegg til namsmannen på staden.

§ 72 *Gjeldsordning etter gjeldsordningslova*

Låntakarar med økonomiske vanskar kan søkje om gjeldsordning etter gjeldsordningslova. Søknaden skal rettast til Statens innkrevjingsentral.

§ 73 *Utanrettsleg gjeldsordning*

Når Lånekassen har overført utdanningsgjeld permanent til Statens innkrevjingsentral, kan Statens innkrevjingsentral inngå avtale om utanrettsleg gjeldsordning.

Ein søknad om utanrettsleg gjeldsordning skal ha med dokumenterte opplysningar om inntekta, formuen, gjelda og levekostnadene til låntakaren, og det skal stå kor mange barn låntakaren har. Søknaden skal innehalde tilsvarande opplysningar om ektefellen eller sambuaren i tillegg til anna som kan ha noko å seie for saka.

Reglane i gjeldsordningslova gjeld som utfyllande regelverk.

§ 74 Sletting av gjeld

Statens innkrevjingsssentral kan slette lån, renter og kostnader dersom låntakaren har varig sterkt nedsett betalingsevne. Låntakaren kan ikkje få sletta gjeld dersom det vil verke støytande overfor andre låntakarar og samfunnet elles.

Ein søknad om sletting av gjeld skal ha med dokumenterte opplysningar om inntekta, formuen, gjelda, og levekostnadene til låntakaren, og det skal stå kor mange barn låntakaren har. Søknaden skal innehalde tilsvarande opplysningar om ektefellen eller sambuaren i tillegg til anna som kan ha noko å seie for saka.

Døyr låntakaren, blir gjelda sletta.

§ 75 Innskrenka klagerett

Låntakaren har ikkje rett til å klage etter reglane i forvaltingslova på avgjerder i saker om sletting av gjeld på grunn av varig sterkt nedsett betalingsevne.

Del 5 Slutføresegner

Kapittel 15. Tap av rettar

§ 76 Følgjer av brot på opplysningsplikta

Dersom ein låntakar med vilje eller aktaust har brote opplysningsplikta og såleis har fått eller prøvd å få utbetalt eller godskrive lån eller stipend som låntakaren ikkje har rett til, kan låntakaren misse retten til sletting av renter, betalingsutsetjing og sletting av gjeld. Lånekassen kan krevje beløpet tilbakebetalt og rekne renter frå det tidspunktet låntakaren fekk tildelt lån eller stipend. Heile gjelda kan seiast opp og krevjast inn.

Dersom ein låntakar med vilje eller aktaust har brote opplysningsplikta og såleis har fått sletta renter eller gjeld som låntakaren ikkje har rett til, kan låntakaren misse retten til betalingsutsetjing og sletting av renter og gjeld.

I vurderinga av misleghaldet skal hovudvekta leggjast på kor lenge misleghaldet har vart, og kor mykje urettkommen lån eller stipend eller sletting av renter eller gjeld låntakaren har fått.

§ 77 Følgjer av misleghald av betalingsplikta

Misleghald av betalingsplikta kan føre til avslag på søknad om lån eller stipend til ny utdanning etter *forskrift om utdanningsstøtte*, og avslag på søknad om betalingsutsetjing, sletting av renter og gjeld.

Kapittel 16. Ikraftsetjing

§ 78 Ikraftsetjing

Forskrifta gjeld frå 1. januar 2023.